



Fylkesmannen i Hordaland

Sakshandsamar, innvalstelefon
Egil Hauge, 5557 2350

Vår dato
11.07.2016
Dykkar dato
04.07.2016

Vår referanse
2014/6530 421.3
Dykkar referanse
13/374

Eid fjord kommune
Simadalsvegen 1
5783 Eid fjord

Melding om planvedtak - Eid fjord - Sysendalen - kommunedelplan

Vi viser til brev av 4.7.2016 med melding om at Eid fjord kommune har fatta planvedtak i saka som er nemnd ovanfor. Vedtaket er fatta samstundes med at planen var ute til nytt ettersyn og utan at vi hadde fått rimeleg tid til å gje uttale.

Fylkesmannen meiner at kommunen sitt vedtak i denne saka ikkje er å sjå på som gyldig, grunna sakshandsamingsfeil, og at planen derfor ikkje har rettsvirkningar for dei områda der staten, ved sektorinteressene, har hatt merknader til planen. Det er mellom anna fremja fleire motsegner til planen. Det kan sjå ut til at kommunen har fatta planvedtak utan at dei spørsmåla motsegnene gjeld er avklara og/eller er tekne omsyn til i vedtaket. Slik denne planprosessen er leia, har kommunen, som planstyresmakt, ikkje oppfylt plikta si til å samarbeide med andre offentlege styresmakter og ved det ivareta alle relevante oppgåver og om-syn i planlegginga, slik kravet går fram av plan- og bygningslova (tbl) jf. §§ 1-4 og 3-1.

Fylkesmannen meiner at denne saka ikkje er klar til oversending til Kommunal- og moderniseringsdepartementet, til endeleg avgjerd. Det grunngjev vi mellom anna med at:

- Fylkesmannen (og andre partar) vart ikkje gjeven rimeleg frist til å uttale seg til nytt planframlegg / endringar etter første ettersyn.
- Vi deler ikkje kommunen sitt syn om at det berre var deler av avsett idrettsområde som låg til grunn for motsegna frå Fylkesmannen, jf. brevet vårt av 28.4.16. Motsegna er såleis ikkje riktig og fullstendig attgjeven og vart heller ikkje reelt vurdert av kommunen før planvedtaket.
- Vi minner om at vi i førebels uttale den 24.6.16. varsla kommunen om at det nye planframlaget truleg ikkje ville gje grunnlag for å trekke motsegna. (Vi fekk saksdokumenta den 8.8., etter at dei først var feilsende av kommunen). Den førebelse uttalen vår er ikkje kommentert i saksutgreiinga. Den ligg heller ikkje ved dokumentlista som er sendt over i etterkant.
- Statens vegvesen (SVV) har ved siste offentlege ettersyn øg fremja motsegn til planen, jf. brev av 21.6.16. SVV grunngjev mellom anna motsegna med planfaglege manglar som gjer at det er uråd å ta stilling til planframlegget og på at det ikkje har lukkast å kome i dialog med kommunen. Fylkesmannen kan ikkje ut frå sakshandsaminga eller av vedtaket ikkje sjå at denne motsegna er drøfta og teke stilling til. Vi har heller ikkje fått melding om at motsegna er trekt attende eller fått høve til å vurdere om motsegna bør avskjerast av Fylkesmannen, jf. *Forsøk om samordning av statlege motsegner til kommunale planar*. Kommunen må difor legge til grunn at

motsegna faktisk er fremja og leggje dette til grunn for den vidare handsaminga av planen. Vi minner om at kommunen ikkje kan sjå bort frå ei motsegn, sjølv om ein finn å ikkje ville ta omsyn til dei endringskrava som vert lagt fram. Det vil ev. vere opp til Kommunal- og moderniseringsdepartementet å avgjere om motsegna skal takast til følgje, jf. pbl. § 5-6.

- I samband med vedtaket i kommunestyret har Eidfjord kommune teke inn att området aust for Drølstølbekken, trass i at det var opplyst at det same området var teke ut ved siste offentlege ettersyn. Dette, saman med andre endringar i kart og føresegner, har medverka til å skape ein svært uryddig situasjon for partar med medverknadsplikt i saka og for ålmenta. Fylkesmannen ser det slik at kommunen vedteke eit planframlegg som korkje fyller lova sitt krav til opplysning og skildring av verknader, jf. pbl. § 4.2, og som heller ikkje har vore på reelt offentleg ettersyn.
- Dersom det å ta ut konfliktfylde område av planen berre vart gjort pro-forma for ved det å kunne fatte eit etter vårt syn forhasta planvedtak, reagerer vi sterkt på dette. Fylkesmannen på si side har vore og vil framleis vere tydeleg på at den langsigke arealbruken i dette området må utgreiaast og vurderast grundig og fastleggjast i ein kommunedelplan, som blant anna baserer seg på og fører vidare dei måla og retningslinene som ligg i regional plan for Hardangervidda.
- Fylkesmannen legg elles til grunn at også Hordaland fylkeskommune har uttalt seg på bakgrunn av at det aktuelle området var teke ut ved offentleg ettersyn. Planvedtaket omtaler ikkje dette tilhøvet. Før Fylkesmannen kan gå vidare med saka, gjennom å tilby ev. mekling eller oversending til departementet, må vi få opplyst frå kommunen korleis ein vurderer dette. Inntil vidare, og etter drøftingar med administrasjonen, legg vi til grunn at planvedtaket i praksis òg kan ha utløyst motsegn frå Hordaland fylkeskommune.
- I følgje oversendingsbrevet, har vi enno ikkje fått tilsendt det endelige, korrekte plankartet. Vidare fyller kartkopiane vi har fått tilsendt heller ikkje krava som er sett for å sende dei over til departementet. Vi viser her til gjeldande *Nasjonal produktspesifikasjon for arealplan og digitalt planregister*, pkt. 1.5.1.

Konklusjon

Fylkesmannen vurderer i denne saka at planen og planprosessen har store manglar. Det er etter vårt syn gjort fleire sakshandsamingsfeil og at desse medfører at vedtaket kan sjåast som ugyldig og dermed ikkje har rettsverknader, i den forstand at planen skal vere førande for statlege og regionale styresmakter sin vidare medverknad i planlegginga i Sysendalen. Eidfjord kommune har i denne saka mellom anna sett bort frå, eller gjort ei svært ufullstendig vurdering av motsegner som var fremja til planen og dessutan tolka statlege motsegner feil, utan å ta det opp med rette styresmakter og Fylkesmannen.

Planen har vidare formelle manglar som gjer den ueigna for oversending til Kommunal- og moderniseringsdepartementet for endleg avgjerd.

Før vi gjer noko meir, ber vi difor om ei attendemelding frå Eidfjord kommune på dei tilhøva vi no peikar på, og ei vurdering av korleis Eidfjord kommune ser for seg at saka bør takast vidare. Fylkesmannen og Statens vegvesen har tidlegare signalisert at ein vil vere open for vidare dialog og eventuelt ei mekling. Vi rår til at kommunen i vurderer dette og gjev ei attendemelding med forslag til løysing. Vi ber om at det blir gjort så snart som mogeleg.

Alternativt vurderer Fylkesmannen å oppheve planvedtaket som ugyldig etter forvaltningslova § 35 første ledd bokstav c) for dei delane av planen som angår dei statlege sektorinteressene Fylkesmannen og SVV representerer.

For ordens skuld legg vi til at Fylkesmannen ikkje ser noko hensikt i å gje ny uttale til førre planforslag som vart send til uttale no. Vi viser i staden til samordna uttale datert 28.4.2016.

Med helsing

Rune Fjeld
fung. fylkesmann

Egil Hauge
prosjektleiar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.

Kopi til:

Statens Vegvesen - Region Vest Askedalen 4 6863 Leikanger
Hordaland fylkeskommune Postboks 7900 5020 Bergen